



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

HØYRINGSBREV



**GRENSEENDRING
STOREVIK NATURRESERVAT,
SANDE KOMMUNE**

Høyringsfrist: 01.02.2017

1 INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Storevik naturreservat i Sande kommune. Endringa medfører ei tilpassing av vernegrensa slik at bygningar og infrastruktur vert halde utanfor naturreservatet. Arealet av naturreservatet vert ikkje endra etter dette.

I samband med dette vert eigedomsopplistinga i verneforskrifta oppdatert, og det vert gjort nokre språklege endringar .

2 BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Storevik naturreservat vart verna 27.05.1988 med følgjande formålsparagraf i verneforskrifta:

«Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv».

Naturreservatet er ca. 349 dekar. Området omfattar eit grunt sjøområde med små holmar, ei langgrunn mudderfjøre og strandareal med strandsump og strandenger.

Grensa på kartet i Kongeleg resolusjon av 27.05.1988 inkluderer fleire bustader og andre bygningar. Dette skaper konflikhtar med bruk av hus, anlegg, hagar og uteareal.

Grensesettinga skuldast både det grove, manuelt oppteikna kartet i kgl. res. , og reint praktiske omsyn ved oppmerkinga. Grensa har også litt for mange knekkpunkt, spesielt i nord. Ei meir høveleg grense med færre knekkpunkt vil vere lettare ta omsyn til både for forvaltning og næringsinteresser utanfor naturreservatet.

Miljødirektoratet har godkjent at Fylkesmannen gjennomfører ein grenseendringsprosess.

3 ENDRINGSFRAMLEGGET

Fylkesmannen har etter dette utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tek ut ca. 8 daa av reservatet. Samstundes foreslår vi at reservatet vert utvida med ca. 8 daa andre stader.

Vi foreslår at ein tek ut bustader og andre bygningar på Vardholmen, det meste av ei bustadtomt nordvest i reservatet, samt eit industriområde på Vorren. Vi foreslår at ein utvidar ved å trekkje grensa sør for Ringholmane, og inkluderer ca. 1 daa på gnr 65 bnr 2 nord i reservatet. Vi har vist gammal (raud) og ny grense (grønn) på kartet. Arealet vert etter dette framleis ca. 349 daa.

Etter endringa og oppdatering av eigedomsoversiktene, vil naturreservatet omfatte delar av følgjande gards- og bruksnummer, jf. forskrifta pkt. II:

64/1, 2, 3, 4, 5, 9, 10; 65/1, 2, 3; 66/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8;10, 16; 67/1, 4, 5, 6, 13, 34; 68/6, 15, 37.

Vi har vist både den gamle og den nye eigedomslista på side 5.

Vi har vurdert grenseendringa etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. også § 7.



Etter § 8 om kunnskapsgrunnlaget er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i områda som vert teke ut av naturreservatet. Dette er i det vesentlege opparbeidde område utan opphavleg

natur. I arealet vi foreslår som utviding av reservatet, er det grunne sjøområde og fleire mindre holmar som kan vere både rasteplass og hekkeområde for måsar og andre våtmarksfugl. Justeringa i nord tek med inntil 1 dekar strandeng og lynghei, og sikrar desse områda på ein betre måte. Dette vil kunne redusere belastninga på naturtypene, og betre omfanget av verna areal av desse i Møre og Romsdal.

Føre-var-prinsippet (§ 9), kostnader ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) kjem ikkje til bruk i denne saka.



4 HØYRING OG MERKNADSRIST

Framlegget ligg ute til offentleg ettersyn på Sande Rådhus, Larsnes, i tida 20.12.2016 – 01.02.2017. Evt. merknader skal sendast innan 1. februar 2017 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde evt. på mail til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.



Storevik naturreservat

Sande kommune, Møre og Romsdal fylke

-  Grense fastsett i kgl. res.
-  Framlegg til ny grense

0 50 100 200 300 Meter

Målestokk: 1: 5 000

Rutenett: WGS 1984 UTM Zone 33N

Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, desember 2016

Forskrift om vern av Storevik naturreservat, Sande kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift xx.xx 2017 nr. yyy, heile forskrifta kunngjort.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde ved Voren i Sande kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Storevik naturreservat.

I medhald av same lov § 14, jf §§ 21 og 23 er det oppretta eit tilgrensande område med dyrelivsfreding ved Voksaholmane.

II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

64/1, 2, 3, 4, 5, 9, 10; 65/1, 2, 3; 66/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8; 10, 16; 67/1, 3, 4, 5, 6, 13, 34; ~~68/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11~~, 15, 37.

Reservatet dekkjer eit areal på ca. 349 dekar, ~~av dette er ca. 139 dekar sjøareal.~~

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:X.000 datert Miljødirektoratet xx 2017. Grensene for dyrelivsfredingsområdet går fram av kart i målestokk 1:20.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Karta og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Sande kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

5. For området med dyrelivsfreding gjeld følgjande forskrifter, jf V, 8 og VI, 1.:

Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsføremål.
2. Slått og beiting.
3. Uttak av sand til eige bruk.
4. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
5. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
7. Motorferdsel til bruk i næringsføremål.
8. Jakt på villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som gjer vesentleg skade, i samsvar med reglar og forskrifter i viltlova.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket, fjerning av giftplantar..
4. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.v.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtelsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII

Forvaltingsstyresmakta kan fastsetje nærare reglar for ferdselen i området, dersom det er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

IX

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitenskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

X

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

XI

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks.

Gnr	Bnr	Fnamn	Enamn	Adresse	Postnr	Poststad
64	1	FREDRIK MARTIN	SKARE		6089	SANDSHAMN
64	2	KNUT OLE	RUSTEN		6089	SANDSHAMN
64	3	NORUNN KAMILLA	ELTVIK		6089	SANDSHAMN
64	4	FREDRIK MARTIN	SKARE		6089	SANDSHAMN
64	5	KNUT OLE	RUSTEN		6089	SANDSHAMN
64	9	HOGNE	VARHOLM		6089	SANDSHAMN
64	10	BJARNE OLAF	VARHOLM		6089	SANDSHAMN
65	1	KJELL BORGER	ØSTLUND		6089	SANDSHAMN
65	2	ODDBJØRG EINANG	OLSEN		6089	SANDSHAMN
65	2	ALIS EINANG	OLSEN	NEDRE RØYRA 3	6095	BØLANDET
65	2	SVERRE EINANG	FLETEN	GRINDHAUGVEGEN 85	5259	HJELLESTAD
65	3	KJELL BORGER	ØSTLUND		6089	SANDSHAMN
66	1	KJELL	SANDE	GARSHOLHAUGEN 5	6065	ULSTEINVIK
66	2	ODDRUN BRINGSVOR	HELLAND		6089	SANDSHAMN
66	2	DAGFINN ELMAR	BRINGSVOR		6089	SANDSHAMN
66	3	TERJE INGEBORG	FOLLESTAD	V/TRYGVE	6089	SANDSHAMN
66	4	BRINGSVOR	VIKSE	VIKSE,VIKSEVEGEN 21	5514	HAUGESUND
66	4	BENTE RØNNAUG	KRISTENSEN	GLØSHAMAREN 27	6783	STRYN
66	4	JON	BRINGSVOR		6089	SANDSHAMN
66	4	BERTE OLINE	SOLDAL		6089	SANDSHAMN
66	4	KARIN ANNE	OSE	MISFJORDVEGEN 63	6390	VESTNES
66	5	PETTER MAGNE	SANDE		6089	SANDSHAMN
66	6	PETTER MAGNE	SANDE		6089	SANDSHAMN
66	7	AUD	KINDEN		6089	SANDSHAMN
66	8	KJELL BORGER	ØSTLUND		6089	SANDSHAMN
66	10	DAGFINN ARNE	SANDE		6089	SANDSHAMN
66	16	DAGFINN ARNE	SANDE		6089	SANDSHAMN
67	1	ARNE KJELL	STØYLE	GRØNSUNDÅSEN 25	1394	NESBRU
67	4	KÅRE PETER	STØYLE	V/RAGNHILD B. STØYLE	6089	SANDSHAMN
67	5	HELGE JOHNNY	VOKSØY		6089	SANDSHAMN
67	6	KÅRE PETER	STØYLE	V/RAGNHILD B. STØYLE	6089	SANDSHAMN
67	13	HOGNE	VARHOLM		6089	SANDSHAMN
67	34	HOGNE	VARHOLM		6089	SANDSHAMN
68	6	JORUNN IREN	WORREN		6089	SANDSHAMN
68	15	ASBJØRN ODDVAR	VORREN		6089	SANDSHAMN
68	37	SANDSØY	BÅTSERVICE AS	VOREN	6089	SANDSHAMN